

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 19. desember 2016 kl. 15.00
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes og May Sissel Osvik

= **5 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

SAK 24/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 12. OKTOBER 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 12. oktober 2016 blir godkjent.

SAK 25/16

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. DESEMBER 2016

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 1. desember 2016 blir godkjent.

SAK 26/16

**AVGRENSA GRANSKING AV ARBEIDSMILJØET I ØRSKOG KOMMUNE –
PROSJEKTPLAN, B-SAK**

Leiar reiste spørsmål om å lukke møtet med heimel i kommunelova §31 nr. 2 og forvaltningslova § 13. Ved votering vart møtet bestemt lukka.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet viser til kommunestyret si bestilling og ber kontrollutvalsekretariatet setje i verk gransking av saka vedkomande arbeidsmiljøutfordringar i det ein slutter seg til prosjektplanen frå SKS IKS sitt sekretariat.
2. Det overordna mandatet for granskinga er definert i Ørskog kommunestyre sitt vedtak i møte 24.11.2016.
3. Ein innleiande granskingsrapport med orientering om påløpte prosjektkostnader blir å legge fram for kommunestyret i løpet av mars/april 2017.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Målfrid Sjøstad
nestleiar
(sign.)

Øystein Eide
medlem
(sign.)

Kaja Kongsnes
medlem
(sign.)

May Sissel Osvik
medlem
(sign.)